Vestlandsrådet

# VESTLANDSRÅDET – RAPPORTERING FRÅ FASTE UTVAL FEBRUAR 2017

Det vert rapportert frå følgjande faste utval:

1. Europapolitisk forum
2. NORA
3. Nasjonalt kontaktpunkt for Interreg - Nordsjøprogrammet
4. Nordsjøkommisjonen
    a. Marin gruppe
    b. Transportgruppa
    c. Ny tematisk gruppe
    d. Klima- og energigruppa
5. Vest Marin

## 1. Europapolitisk forum

| Neste møte i Europapolitisk forum | Aktuelle saker for Vestlandsrådet |
|---|---|
| Det har ikkje vore møte i Europapolitisk form sidan siste møte i Vestlandsrådet.<br><br>Neste møte i Europapolitisk forum er i Brussel 14-15 mars 2017. Jon Aasen er Vestlandsrådet sin representant i Europapolitisk forum. Han deltek på møtet og vert støtta av Geir Sør-Reime (Rogaland) og Birgit Aarønæs (Møre og Romsdal). | Tematikk for møtet i Brussel 14-15 mars er:<br>1. EU – nå og framover<br>Herunder Brexit<br>2. EUs samhørighetspolitikk post 2020<br>Herunder Interreg<br>3. Grønn omstilling<br>Aktuelle tema:<br>4. Framtidens kommuner og regioner i et europapolitisk perspektiv |

## 2. NORA

| Om NORA | Aktuelle saker for Vestlandsrådet |
|---|---|
| NORA er ein mellomstatleg organisasjon under Nordisk Ministerråd sitt regionalpolitiske samarbeidsprogram og er finansiert av Nordisk Ministerråd og dei deltakande regioner. NORA-regionen består av landa Island, Færøyane, Grønland og Kyst-Norge (ni norske fylke frå Rogaland i sør til Finnmark i nord).<br><br>NORA skal bidra til å vekst i regionen m.a. gjennom å styrke samarbeidet mellom bedrifter og forskings- og utviklings- organisasjonar på tvers av landegrensene. | I 2017 har Færøyane formannen og Grønland nestformann. Lena Søderholm frå Vest-Norge og Guðrún Gisladóttir frå Island er valt som medlemmar i arbeidsutvalet (AU). I Norge vekslar verva mellom Vestlandsrådet og Nord-samarbeidet, slik at det no er Vestlandsrådet som er representert i AU. Komiteen har to fysiske møter i året, i tillegg har AU video- eller telefonmøte.<br><br>NORA sin strategi for åra 2017-2020 har fire hovudtema:<br>• Ungdomssatsing |

| | |
|---|---|
| | • Det agendasettande NORA – vil sjølve ta meir initiativ til samarbeide om felles problem<br>• Det allianseskapande NORA – utvikle alliansar med andre organisasjonar i Nord-Atlanteren<br>• Det prosjektstøtta NORA - utlysingar etter prosjekt to gonger i året. NORA har vanlegvis hatt omlag 5 mill. kr. årleg til prosjekt |

## 3. Nasjonalt kontaktpunkt for Interreg – Nordsjøprogrammet

| Siste nytt om Nordsjøprogrammet i Interreg | Aktuelle saker for Vestlandsrådet |
|---|---|
| Det har kome inn 21 nye fulle søknader under den tredje utlysningen med frist 1. februar 2017. Utlysningen var åpen for fulle søknader som var allerede godkjent under fase 1 i en tidligere runde. Disse søknader blir behandlet under styringskomitemøte i Ostend 7.-8. juni. Det er derfor ingen endring i antall prosjekt eller tilgjengelige midler å rapportere inntil det møte har funnet sted og nye prosjekt har blitt tildelt midler.<br><br>Det finnes ca. € 6,5 millioner igjen i prosjektmidler under Nordsjøprogrammet for norske partnere.<br><br>Under finner man en oversikt over alle godkjente prosjekt med norske partnere. Listen oppdateres etterhvert med godkjente fulle prosjektsøknad. Det er derfor ingen endring siden forrige rapportering. | 9 av de 21 søknader som søkte under den siste utlysningen med frist 1. februar hadde norske partnere. Kun ett prosjekt har norsk prosjektledelse, Sørlandets Europakontor.<br><br>Prosjektet ledet av Rogaland fylkeskommune, CNCA - Closing the Nutrition Cycle in Aquaculture, har ikke søkt på nytt. Dette var et stort og nyskapende prosjekt med mange partnere fra et spesialisert kompetansemiljø på Vestlandet. Det har vært en vanskelig prosess for å finne en god løsning for dette prosjektet. Prosjektet hadde flere tekniske utfordringer i forbindelse med deltakelse fra privat sektor og statsstøtte regelverk i forhold til akvakultur som ikke lar seg løse.<br><br>Ellers finnes det partnere fra Vestlandet i 3 prosjektsøknad denne runden.<br>• Møre og Romsdal fylkeskommune sammen med Smøla Nærings- og Kultursenter KF og Nasjonalt Vindenergisenter AS er partnere i en prosjektsøknad som handler om grønntransport i rurale områder. Prosjektet heter G-PaTRA og sammen søker de € 129 424.<br>• Bergen kommune er partner i SCORE som handler om smart cities og søker € 257 500<br>• Møreforskning og Stiftung Geirangerfjorden er partnere i en søknad som handler om UNESCO Verdensarv og formidling, Prowad Link, de søker tilsammen € 300 000. |

| | |
|---|---|
| | Neste utlysning er for nye prosjektsøknad i fase 1 (Expression of Interest) med søknadsfrist august 2017. |

| Priority | Specific objective | Project | Norske ERDF equivalent |
|---|---|---|---|
| 1 | 1.1 | **Lean Landing For Micro SMEs:** Soft landing for SMEs in the North Sea Region<br><br>Norske partnere:<br>Driv Inkubator<br>Oslo International Hub AS | 104 130 |
| 1 | 1.2 | **Northern Connections:** Strategic Transnational Cluster Cooperation - unlocking the potential for regional innovation<br><br>Norske partnere:<br>OREEC, Kunnskapsbyen Lillestrøm<br>Oslo Kommune | 273 229 |
| 1 | 1.3 | **In for Care:** Informal care and voluntary assistance: Innovation in service delivery in the North Sea Region<br><br>Norske partnere:<br>Universitetet i Agder<br>**(Lead benficiary)**<br><br>Knutepunkt Sørlandet<br><br>FRAMEWORKS AS<br><br>Grimstad Kommune | 684 188 |
| 2 | 2.1 | **COBEN:** Delivering Community Benefits of Civic Energy<br><br>Norske partnere:<br>Østfold fylkeskommune<br>Fylkesmannen i Østfold | 223 222 |
| 3 | 3.1 | **BWN:** Building with Nature<br><br>Norske partnere:<br>Norges vassdrags- og energidirektorat | 20 000 |
| 3 | 3.1 | **FAIR:** Flood infrastructure Asset management and Investment in re3novation, adaptation and maintenance<br><br>Norske partnere:<br>Norges vassdrags- og energidirektorat | 20 000 |
| 3 | 3.1 | **BEGIN:** Blue Green Infrastructure through Social Innovation<br>Norske partnere:<br>Bergen kommune | 300 000 |
| 3 | 3.2 | **NorthSEE:** A North Sea Perspective on Shipping, Energy and Environment Aspects in MSP<br>Norske partnere: | 130 689 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | Havforskningsinstitutttet<br>Klima- og miljødepartementet<br>Miljødirektoratet | |
| 4 | 4.2 | **SHARE-North:** Shared Mobility Solutions for a Liveable and<br>Low-Carbon North Sea Region<br>Norske partnere:<br>Bergen Kommune | 270 000 |
| 4 | 4.2 | **HyTrEc2:** Hydrogen Transport Economy in the North Sea Region2<br>Norske partnere:<br>Høgskolen i Narvik | 425 195 |

## 4. Nordsjøkommisjonen

| Neste møte i Nordsjøkommisjonen | Aktuelle saker for Vestlandsrådet |
|---|---|
| Det har ikkje vore styremøte i Nordsjøkommisjonen etter siste møte i Vestlandsrådet.<br><br>Neste styremøte i Nordsjøkommisjonene er 24. april i Southend, UK. | Papira for styremøtet vert sendt ut 24. februar. Det er satt av tid til eit norsk formøte 6. mars.<br><br>Det er venta at Brexit og framtida til Europa vil få ein plass på agendaen, samt ein ny organisering av sekretariat for Nordsjøkommisjonen. |

## a. Nordsjøkommisjonen – marin gruppe

| Siste møte i den marine gruppen | Aktuelle saker for Vestlandsrådet |
|---|---|
| Den marine gruppa i Nordsjøkommisjonen hadde møte i Bergen 10. og 11. januar 2017. Frå Vestlandet var Trine Danielsen (H) frå Rogaland, Erik Kursetgjerde (Ap) frå Møre og Romsdal og Mona Strømme (H) frå Hordaland representert, samt administrasjon frå Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og fast rådgivar i gruppa frå Hordaland. | Hovudtema for møtet var norsk praksis på fiskeripolitikk og utkast. Dette har vore etterspurt av medlemsregionar i EU- land. I tillegg vart det diskutert kring planlegging i kystsonen, relevant EU-politikk og arrangement og Brexit. Hordaland hadde organisert ein studietur til Øygarden for å lære meir om innovasjon i marin sektor. |

## b. Nordsjøkommisjonen – transportgruppa

| Siste møte i transportgruppa | Aktuelle saker for Vestlandsrådet |
|---|---|
| Det har ikkje vore møte i transportgruppa etter siste møte i Vestlandsrådet 10. november 2017.<br><br>Neste møte er 1. og 2. mars i Aberdeen. | På agendaen står erfaringsutveksling kring miljøvennleg transport og skipsfart og transportkorridorar i Europa. I tillegg er det satt opp eit seminar om finansieringsmoglegheiter for internasjonale transportprosjekt. |

## c. Nordsjøkommisjonen – ny tematisk gruppe

| Første møte i ny tematisk gruppe | Aktuelle saker for Vestlandsrådet |
|---|---|
| Nordsjøkommisjonen har etablert en ny tematisk gruppe for å følge opp «Attractive and Sustainable Communities» i strategidokumentet North Sea Region 2020. Gruppen ble formelt etablert 1. januar 2017, og første møte er i Aarhus 2-3. mars. | Tema for første møtet i gruppen er:<br>o Aarhus som kulturby<br>o Kultur og turisme<br>o Sirkulærøkonomi<br>o Klimaendringer<br>o Mat |

## d. Nordsjøkommisjonen – energi- og klimagruppe

| Neste møte i energi og klimagruppen | Aktuelle saker for Vestlandsrådet |
|---|---|
| Det har ikke vært møte i energi og klimagruppen siden forrige møte i Vestlandsrådet. Neste møte er 19-21 april i Agder. | Fra handlingsprogrammet:<br>o Klimaendringer<br>o Energieffektivisering<br>o Kabelnettverk i Nordsjøen |

# 5. Vest Marin

| Siste nytt frå Vest Marin |
|---|
| Vest Marin som lærings- og samarbeidsarena er positivt i høve informasjonsflyt, kompetanseheving og kvalitetssikring av arbeid. Samarbeidet bidreg og til betre kopling mellom næring, forvaltning og plan. Det er naturleg å dra vekslar på kvarandre sin kunnskap, kontaktnett og arbeidskapasitet og slik vert sakshandsaminga betre og meir effektiv for alle fylka. På fylkeskommunalt nettverksmøte for akvakulturforvaltning og marin næringsutvikling i Rogaland 19. og 20. oktober vart VestMarin-samarbeidet presentert. Ein vil i 2017 knytte tettare samarbeid til akvakulturforvaltinga i fylkeskommunane på Vestlandet og aktivt bidra i prosessen knytt til regionreforma for å få best mogleg organisering og fleire oppgåver til regionen.<br><br>Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane har alle representantar i arbeidsgruppa i Nordsjøkommisjonen sin Marine ressursgruppe. Dette gjev Vestlandet ein unik moglegheit til å hevde dei felles interessene sine i eit internasjonalt fora som arbeider direkte inn mot EU-systemet.<br><br><u>Prosjekt i 2016:</u><br><br>«Sats Marint 2017». Prosjektet fekk støtte i 2016. Prosjektansvarleg er Norsk Sjømatsenter med deltaking frå VestMarin til programmet. Konferansen om marine artar og næringsutvikling skal gjennomførast 15 og 16 mars 2017. Tilskot frå VestMarin kr 150 000,-.<br><br>«Fellesstand for Vestlandet på Aqua Nor 2017». Prosjektansvarleg er Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane koordinator for fylkeskommunane. SALT Lofoten er hyra inn som prosjektleiar. Tilskot frå fylkeskommunane er 200 000,- pr. fylke, totalt stønadsbeløp kr. 800 000,-.<br><br>«Leverandører til sjømatnæringen og biomarin industri på Vestlandet; Kompetansebehov 2016-2020». Kartlegginga vart gjennomført av IRIS med ei finansiering frå Vestlandsrådet på kr 250 000,-.<br><br><u>Pågåande prosjekt (2017):</u><br><br>«Kretsløpsutnyttelse av næringsstoffer fra oppdrett». Prosjektansvarleg er Ocean Forest AS. Totalkostnad kr. 1 770 000,-. Tilskot frå VestMarin var kr. 600 000,-. Prosjektet skal avsluttast i 2017. |